


Kva er Bypakke Ålesund?

Ordfører i Ålesund kommune, Eva Vinje Aurdal


Bypakke Ålesund arbeider med å
sikre berekraftig byutvikling
i ein attraktiv og levande by — i dag og i
framtida.



Mål å redusere biltrafikken

Det er eit mål frå sentrale myndigheiter å redusere biltrafikken i norske byar. Difor har bypakken i Ålesund fleire hovudmål:

- Byen skal ha eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Transportsystemet må møte veksten i transportsektoren.
- Bypakken skal bidra til å utvikle framtidsretta kollektivtilbod.
- Bypakken skal bidra til attraktiv og berekraftig byutvikling.




Slik er vi organisert

- Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Eit sekretariat med tilsette frå dei tre samarbeidspartane førebur saker til den politisk utnemnde Styringsgruppa for Bypakke Ålesund.
- Styringsgruppa for Bypakke Ålesund er peika ut av politikarane. Det er styringsgruppa som tek avgjerder på vegne av Bypakke Ålesund.

Desse arbeider med Bypakke Ålesund

- Sekretariat for Bypakke Ålesund er sett saman av tilsette frå Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen.
- Desse sit i sekretariatet for Bypakke Ålesund:
 - Nils Inge Romarheim, leiar for sekretariatet, Statens vegvesen
 - Jøran Mentzoni Eilertsen, prosjektleiar, Ålesund kommune
 - Torbjørn Vatnehol, prosjektleiar, Møre og Romsdal fylkeskommune
 - Øyvind Gangstad (vikar), kommunikasjonsrådgivar for Bypakke Ålesund



Bypakke Ålesund

Ålesund skal ruste seg for å møte framtida med miljøvennlige og effektive samferdselsløsningar. Bypakke Ålesund skal bidra til betre og tryggare vegar, betre kollektivtilbod og nye sykkelveggar.

[Meir om Bypakke Ålesund](#)



Prosjekt i Bypakke Ålesund



Vegar



Sykkel




Trygg skuleveg



Kollektiv

Aktuelt



Slik blir byggeperioden i Ålesund sentrum

Det skal byggast nytt kollektivnøtdepunkt i Ålesund sentrum, og første spadetak skjer i juni. Området skal også oppgraderast med fjernvarme i fortau, grøne lungar og meir oversiklege kryss...

14.04.2023